

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dato: 02.10.2018
Deres ref.: 18/2422
Vår ref.: 2018/8130 BIRGIBRO

Søknad om forsøksordningar på profesjonsstudiane i psykologi og medisin

Universitetet i Oslo (UiO) viser til møte med statsråd Iselin Nybø 27. september, og e-post frå Kunnskapsdepartementet 28. september, og søker med dette om å innføre følgjande tiltak som forsøksordningar over ein periode på inntil 5 år:

1. Tilleggs poeng for underrepresentert kjønn (menn) i kvote for førstegongsvitnemål på profesjonsstudiet i psykologi.
2. Kvote for alternativt opptak til profesjonsstudiet i medisin.

Tilleggs poeng for underrepresentert kjønn på profesjonsstudiet i psykologi

UiO søker med dette om å få innføre inntil 1 tilleggs poeng for menn i kvote for førstegongsvitnemål, med ei nedre poenggrense for søkjarar i denne kvoten på 50 konkurransepoeng. Ordninga skal gjelde som ei forsøksordning på inntil 5 år, frå og med opptak til studieåret 2019/2020.

Sekundært søker UiO om òg å få innføre inntil 1 tilleggs poeng for mannlege søkjarar i ordinær kvote og ei nedre poenggrense på 60 konkurransepoeng for søkjarar i denne kvoten.

Profesjonsstudiet i psykologi har over tid hatt ein underrepresentasjon av menn, spesielt i kvote for førstegongsvitnemål. Til tross for ulike tiltak for å rekruttere menn til studiet opplever UiO at den lave delen menn varer ved. For å sikre at samfunnet sitt behov for ferdig utdanna kandidatar av begge kjønn blir tatt vare på, ber vi difor om strukturelle endringar i opptaksregelverket.

UiO er kjend med at Universitetet i Bergen (UiB) søker om ei tilsvarande ordning, og UiO stiller seg positive til ei ordning som er felles for UiB og UiO.

Kvote for alternativt opptak til profesjonsstudiet i medisin

UiO søker med dette om ei forsøksordning over fem år med ein kvote for alternativt opptak til profesjonsutdanninga i medisin, frå og med opptak til studieåret 2019/2020. Inntil 20 % av studie plassane skal tilbydast i denne kvoten, der søkjarane i tillegg til å dekkje dagens opptakskrav må avleggje ein test av eigenskapar som gjer søkjaren egna for studiet (UniTest). For å sikre at søkjarane har dei riktige faglege føresetnadene til å kunne gjennomføre medisnutdanninga må dei òg ha ein karakterpoengsum frå vidaregåande skule på minimum 50. Søkjarane vil bli rangert i



Universitetsdirektøren
Postadr.: Postboks 1072 Blindern, 0316 Oslo
Kontoradr.: Lucy Smiths hus,
Problemveien 7, 9. et., 0313 Oslo

Telefon: 22 85 63 01
Telefaks: 22 85 44 42
postmottak@admin.uio.no
www.uio.no
Org.nr.: 971 035 854

kvoten basert på resultatene av testen. Etter forsøksperioden vil ordninga bli evaluert før ei eventuell varig innføring.

UiO foreslår følgjande tekst i «Kommentarar til § 7-3 Spesielle kvotar» i kommentarane til forskrifta:

Ved UiO Universitetet i Oslo:

Medisin: Inntil 20 % av studieplassane kan setjast av til søkjarar med ein karakterpoengsum på minimum 50 som har bestått UniTest. Søkjarane blir poengberekna på grunnlag av poengsum frå UniTest. Det blir ikkje gitt tilleggspoeng. Søkjarar som ikkje blir tekne opp i kvoten, konkurrerer vidare i ordinær kvote og eventuelt kvote for førstegongsvitnemål.

Bakgrunn

Dagens høge poenggrenser på medisinstudiet fører til at ein rekke høgt motiverte og kvalifiserte søkjarar ikkje får opptak. Erfaring tilseier at utveljing gjennom karakterar aleine ikkje speglar det samla bildet av dei nødvendige eigenskapane ein person treng for å bli ein god lege, og kan gi eit for einseitig bilde av ein students evner. I dei aller fleste land i Europa og i resten av verda er det difor innført alternative opptakskriterier i tillegg til karakterar for å få eit meir heilsleg grunnlag for å vurdere om ein student er motivert, egna og har evne for å gjennomføre medisinstudiet og til å utføre legeyrket.

Eit meir nyansert bilde av motivasjonen, evnene og eigenskapane vil difor kunne vere til hjelp for å vurdere om ein student er rusta til å gjennomføre medisinstudiet. I tillegg viser studiar at ein meir nyansert opptaksprosess verker fråfallsførebyggjande. Alternative opptaksmetodar kan antakeleg òg føre til eit større mangfald både demografisk, geografisk og kjønnsmessig enn dagens opptak.

Beskriving av testen

Ein UniTest er ein test av akademiske eigenskapar som gjer søkjaren egna for studiet. Testen viser evne til å tileigne seg kunnskap og ferdigheiter. Den skal gjennomførast som ein digital fleirvalstest (Multiple Choice Question-MCQ). Denne testen er ingen kunnskapstest, men vurderer mellom anna motivasjon, evne til kritisk og vitskapleg tenking, etikk, og språkleg, kulturell og mellommenneskeleg forståing hjå den enkelte kandidat. Testen krev ingen førebuing frå kandidaten.

Praktisk gjennomføring

Testen blir levert av ACER (Australian Council of Educational Research), blir oversett til norsk og tilpassa norske forhold. UiO vil arrangere UniTest etter søknadsfristen 15.04, og av praktiske omsyn vil testen bli arrangert i løpet av ei helg. Det tar 2,5 timar å gjennomføre testen.

Påmelding til testen vil gjerast direkte til UiO, og det vil vere opp til kvar enkelt søkjar om dei ønskjer å avleggje testen. For å unngå falske forventningar om mogelegheit til opptak på medisinstudiet vil UiO informere tydeleg om at søkjarane må vere kvalifisert for studiet, inkludert

dekkje spesielle opptakskrav, og ha ein minimum karakterpoengsum på 50 poeng for å kunne konkurrere i testkvoten.

Etter at testen er gjennomført vil resultata av UniTest bli analysert av ACER, og kvar kandidat får ein testscore.

UiO vil straks gå i dialog med Unit - Direktoratet for IKT og fellestenester i høgre utdanning og forskning, for å avklare korleis dette skal gjennomførast innanfor rammene av den nasjonale opptaksmodellen (NOM). Denne avklaringa vil inkludere arbeidsdeling mellom UiO og Unit, og kva for endringar som eventuelt må gjørast i systema.

Informasjon til søkjarane


UiO vil informere søkjarane om testen og korleis den skal gjennomførast. Vi er innforstått med at dette fører til at vi vil måtte kontakte alle søkjarane (ikkje berre førsteprioritetssøkjarane) til medisin ved UiO i perioden 15. april til 1. juli, og at dette føreset at dei andre lærestadene gir oss høve til dette.

Pilot

I januar 2018 arrangerte UiO ein frivillig testpilot med 130 nåverande medisinstudentar frå 1.-5. studieår. Føremålet med gjennomføringa var å få eit statistisk utgangspunkt for denne type vurderingar, i tillegg til å teste ut kapasitet og fasilitetar. Den praktiske gjennomføringa fungerte godt, og tilbakemeldingane frå studentane som deltok i piloten var positive.

Med hilsen


Gunn-Elin Aa. Bjørneboe
universitetsdirektør


Hanna Ekeli
avdelingsdirektør

Saksbehandler:

Birgitte Brørs

+4722841117, birgitte.brors@admin.uio.no

Handwritten scribble or signature